



MOSS TINGRETT

DOM

Sagt: 06.01.2014 i Moss tingrett, Moss

Saksnr.: 13-177150TVI-MOSS

Dommar: Dommerfullmektig Lene Knapstad

Saka gjeld: Ansvarsgjennombrot. Lov om forbrukarkjøp (forbrukarkjøpslova).

Espen Ravnevand Thorvaldsen

Advokat Eirik Austlid
v/advokatfullmektig Hege Harriet Kjærbo
Brobakken

mot

Jan-Vidar Pedersen

DOM

Saka gjeld spørsmål om personleg ansvar for varesal frå selskapet Care free Composites Ltd. og i så tilfelle om det er grunnlag for heving og skadebot etter forbrukarkjøpslova § 32 og § 33.

Framstilling av saka

Saksøkte, Jan-Vidar Pedersen, tok i juni 2012 kontakt med saksøkaren, Espen Ravnevand Thorvaldsen, om kjøp av kompositt terrassebord. Thorvaldsen var på det tidspunktet dagleg leiar i det norskregistrerte utanlandske føretaket (NUF) Care free Composites Ltd. Hovudføretaket var registrert som selskap med avgrensa ansvar (limited) i Companies House i Wales, med same selskapsnamn som den norske filialen. Thorvaldsen var eineaksjonær i føretaket.

Etter samtalar og vurdering av vareprøver kjøpte Pedersen 300 kvadratmeter terrassebord den 24. juli 2012, som vart levert til han dagen etter. Pedersen reklamerte i første halvdel av september over fargeflekkar på terrasseborda. Han skal også ha sendt fleire brev – som Thorvaldsen ikkje skal ha mottatt – der han etterspurte eit personleg garantibevis og reklamerte over fleire andre manglar. Gjennom e-postkorrespondanse vart partane einige om å "ordne opp" til våren 2013. I januar 2013 avvikla Thorvaldsen selskapet.

Pedersen tok saka inn for Rygge, Råde og Våler forliksråd som sa dom 5. september 2013. Thorvaldsen vart dømt i forliksrådet til å gjennomføre eit restitusjonsoppgjer på kroner 105 684,20 og å betale skadebot som følgje av manglane med kroner 19 215,80.

Espen Ravnevand Thorvaldsen har tatt saka inn for Moss tingrett til overprøving ved stemming av 25. oktober 2013, jf. tvistelova § 6-14. Rettsmøte til munnleg sluttbehandling av saka vart halde 2. januar 2013.

Påstandsgrunnlaget og påstanden til saksøkaren

Rygge, Råde og Våler forliksråds dom må opphevast. Forliksrådet hadde ikkje kompetanse til å seie dom når tvistesummen på tidspunktet kravet vart tatt inn for forliksrådet var over 125 000 kroner og Thorvaldsen ikkje samtykka til dette, jf. tvistelova § 6-10 første og andre ledd jf. § 17-2 første ledd.

Subsidiært er Thorvaldsen ikkje personleg ansvarleg for eventuelle manglar ved leveransar frå Care free Composites Ltd. Han har ikkje gitt noko personleg garanti til Pedersen. Vidare er selskapet eit engelsk aksjeselskap med avgrensa ansvar slik at deltakarane ikkje er personleg ansvarlege ut over den aksjekapitalen som er skoten inn. Det er heller ikkje grunnlag for ansvarsgjennombrot. Terskelen for dette er etter teori og rettspraksis svært høg, jf. Rt. 1996 side 672.

Uansett så har produktet heller ikkje ein mangel etter forbrukarkjøpslova § 15 og § 16, og det er ikkje grunnlag for å heve kjøpet etter forbrukarkjøpslova § 32. Det er opplyst i salsvilkåra som låg lett tilgjengeleg på internett, at enkelte bord kan vere skeive og at det kan vere variasjon i farge. Espen Ravnevand Thorvaldsen har lagt ned slik påstand:

"Dommen fra Rygge, Råde og Våler Forliksråd avsagt 18. september 2013 oppheves.

Subsidiært

Espen Ravnevand Thorvaldsen er ikke personlig ansvarlig for eventuelle mangler ved terrassebord levert fra Care free Composites Ltd..

I begge tilfelle:

Jan-Vidar Pedersen dømmes til å betale sakens omkostninger."

Påstandsgrunnlaget og påstanden til den saksøkte

Thorvaldsen har munnleg lova eit personleg garantiansvar uavhengig av kva som skjedde med firmaet og er difor personleg ansvarleg for manglar ved terrassebord levert frå Care free Composites Ltd. til Pedersen.

Pedersen reklamerte skriftleg 3. september 2012 direkte etter flekkane vart oppdaga og seinare viste det seg at borda hadde fleire manglar; Skjemmande malingsflekkar, ulik breidde, dei var skeive og det var levert 60 kvadratmeter for lite. Dette er manglar som gir rett til heving og skadebot etter forbrukarkjøpslova § 32 og § 33.

Thorvaldsen som privatperson, har vedgått seg ansvar og akseptert kravet ved sitt e-brev av 5. desember 2012 som er svar på Pedersens brev av 23. november 2012. Vidare har han medvite handla grovt aktlaust og urimeleg ved å opprette eit nytt selskap innan same bransje berre dagar etter leveransen av produktet og ved å avslutte selskapet Care free Composites Ltd. berre sju veker etter å ha akseptert Pedersens krav om utbetring og omlevering. Jan-Vidar Pedersen har lagt ned slik påstand:

"1: Domsslutning frå Rygge, Råde og Våler Forliksråd av 18.09.2013 opprettholdes.

2: Espen Ravnevand Thorvaldsen dømmes til å betale sakens omkostninger."

(Partane har vist til dom av 18. september 2013, men denne er sagt 5. september 2013.)

Vurderinga til retten

Oppheving

Saka er tatt inn for tingretten ved stemming og retten skal då gjere ei full ny prøving av saka, jf. føresetnadsvis tvistelova § 6-14 første ledd og § 9-2 fjerde ledd. Kort tid før

rettsmøte til munnleg sluttforhandling endra saksøkaren den prinsipale påstanden sin til oppheving av forlikrådsdommen på grunn av saksbehandlingsfeil. Etter tvistelova § 6-14 er det ikkje høve til å anke til oppheving på grunn av saksbehandlingsfeil, jf. NOU 2001:32 Rett på sak, Bind A side 313 og 316. Retten kan dermed ikkje ta påstanden til følge og vurderer då heller ikkje om forlikrådet har gjort saksbehandlingsfeil.

Personleg ansvar

Retten går så over til å vurdere om Thorvaldsen er personleg ansvarleg for varesalet frå Care free Composites Ltd. til Pedersen. Selskapet Care free Composites Ltd. vart oppretta som eit limited-selskap i Storbritannia i medhald av Companies Act 2006 section 3, jf. vedtektene til selskapet artikkel 2. Lest i samanheng går det fram at selskapet er "limited by shares" som inneber at deltakarane sitt ansvar er avgrensa til "the amount, if any, unpaid on the shares held by them". For deltakarane sitt ansvar svarar selskapsforma til det norske aksjeselskapet, der deltakarane ikkje er personleg ansvarleg for selskapets plikter, jf. aksjelova § 1-1 andre ledd og § 1-2 første ledd. Det er ikkje omstridt at selskapsforma i *utgangspunktet* medfører at det er selskapet og ikkje Thorvaldsen personleg som står ansvarleg for salet.

Pedersen har halde fram at Thorvaldsen har gitt ein munnleg lovnad om at han personleg garanterer for produktet. Partane har ulik oppfatning av spørsmålet og einaste haldepunkt ut over forklaringane er at Pedersen omtalar og etterlyser ei personleg garantierklæring i fem av seks brev han påstår å ha sendt per post (vedlegg 2, 3, 5, 7, 9 og 11 til tilsvaret), men som Thorvaldsen ikkje skal ha mottatt. Ut frå partsforklaringane og dokumenta som er lagt fram, finn retten det ikkje bevist at Thorvaldsen har gitt ein personleg garanti. Retten kan heller ikkje sjå at Thorvaldsen i e-brev av 5. desember 2012 har vedgått seg og akseptert eit personleg ansvar slik Pedersen argumenterer.

Vidare spørsmål er om Thorvaldsen kan vere personleg ansvarleg på grunnlag av ansvarsgjennombrot. Ansvarsgjennombrot inneber at selskapsforma vert sett til side slik at ein aksjonær blir personleg ansvarleg for pliktene til selskapet. Hovudregelen i norsk rett er at det ikkje skal skje identifikasjon mellom selskapet og aksjonær. I aksjeselskapsforma ligg det eit høve til å unndra seg ansvar, men dette er ein akseptert risiko av omsyn til dei føremonane som følgjer med selskapsforma. Under tilvising til Høgsterettspraksis står det i førearbeida til aksjelova at "utgangspunktet klart nok [må] være at gjennomskjæring bare kan være aktuelt i unntakstilfeller, og at en gjennomskjæring forutsetter et *særlig grunnlag*", jf. NOU 1992:29 Lov om aksjeselskaper, side 43. Det er ikkje avklart gjennom rettspraksis om det er ein ulovfesta regel om ansvarsgjennombrot i norsk rett, jf. mellom anna Rt. 1991 side 119, Rt. 1996 side 672 og Rt. 1996 side 742. Det følgjer av denne praksisen at det i så tilfelle skal mykje til for å fråvike ansvarsavgrensingane som ligg i den selskapsforma som er valt. Det kan berre skje om det er særlige forhold som gjer det sterkt urimeleg overfor kreditorane å oppretthalde ansvarsavgrensinga slik at den formelle selskapsforma ikkje fortener vern

I Kongeparkdommen i Rt. 1996 side 672 på side 679 understreka Høgsterett at oppdeling i eigarselskap og driftsselskap ikkje er uvanleg og at ei slik organisering ikkje i seg sjølv kan gje grunnlag for ansvarsgjennombrot. Tilsvarande må gjelde for norskregistrerte utanlandske føretak. Dette er ein lovleg framgangsmåte og gir ikkje i seg sjølv grunnlag for ansvarsgjennombrot, jf. også EØS-rettens forbod mot forskjellsbehandling etter mellom anna artikkel 31 om etableringsretten og artikkel 40 om fri rørsle av kapital.

Retten er etter ei totalvurdering av dei konkrete tilhøva komen til at det klart ikkje er grunnlag for ansvarsgjennombrot i saka. I vurderinga har retten mellom anna særleg lagt vekt på at selskapsforma har vore reell; Selskapet vart ikkje drive som eit personleg næringsføretak, men som eit aksjeselskap og Thorvaldsen har på ordinær måte levert årsrekneskap og skatta som aksjeselskap i Noreg. Thorvaldsen som privatperson og selskapet har hatt fråskilt økonomi med separate kontoar som berre har vore brukt til sine føremål. Vidare avvikla Thorvaldsen selskapet Care free Composites Ltd. og starta eit nytt selskap fordi han starta med nye produkt – og det er ingen haldepunkt for at det ligg noko spekulativt bak tidspunktet for oppretting av det nye selskapet slik som Pedersen har halde fram. Bakgrunnen for at det første selskapet vart oppretta i utlandet medan det nye er oppretta som eit norsk aksjeselskap, skal vere den vesentlege reduksjonen som har vore i eigenkapitalkravet i tidsperioden mellom etableringane. Rett nok burde Thorvaldsen avklart klagen frå Pedersen før han avvikla selskapet, men slik retten ser saka er ikkje det aleine eit slikt særleg forhold som gir grunn til å fråvike det klare utgangspunktet om avgrensa ansvar etter selskapsforma. Thorvaldsen er dermed ikkje personleg ansvarleg for sal frå Care free Composites Ltd. til Pedersen.

Retten går etter dette ikkje inn på mangelsvurderinga etter forbrukarkjøpslova.

Sakskostnader

Thorvaldsen har vunne saka og har rett på å få dekka sine sakskostnader, jf. tvistelova § 20-2 første ledd. Saka har vore behandla etter reglane for småkrav i tvistelova kapittel 10 og skadebot for sakskostnader er då regulert av § 10-5. Det er i utgangspunktet berre høve til å få dekka 24 980 kroner i saka etter hovudregelen i tvistelova § 10-5 andre ledd. Kravet frå advokatfullmektig Brobakken er på 51 000 kroner og unntaket i tvistelova § 10-5 tredje ledd om at motparten openbert har gått til sak utan grunn er gjort gjeldande. Dette er ein snever unntaksregel som etter rettens vurdering ikkje kjem til bruk. Ut frå synet til Pedersen om at Thorvaldsen hadde gitt ei personleg garantierklæring har saksøkte slik retten ser det, ikkje openbert utan grunn tatt til motmæle mot kravet – sjølv om retten har sagt dom til fordel for saksøkaren. Sakskostnader vert difor tilkjent i samsvar med hovudregelen.

Dommen er sagt innan fristen i lova.

DOMSSLUTNING

1. Espen Ravnevand Thorvaldsen er ikkje personleg ansvarleg for eventuelle manglar ved terrassebord levert frå Care free Composites Ltd. til Jan-Vidar Pedersen.
2. Jan-Vidar Pedersen betalar 24 980 kroner i sakskostnader for tingretten til Espen Ravnevand Thorvaldsen innan 2 – to – veker etter dommen er forkynt.

Retten heva

Uwe Knapstad



Rettleiing om retten til anke i sivile saker er vedlagd.